

## **Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 03.11.2020**

**Pauline Tomren, MDG**, sette på vegner av MDG, A, SV og KrF fra slikt tilleggsforslag:

«Nytt punkt 4: Koronapandemien må ikkje sette stopper for busetting av flyktningar:

Hovudutval for opplæring og kompetanse meiner at ein ikkje skal la koronapandemien sette stopper for busettinga av flyktningar dei neste åra. Vi meiner også at talet på busetting av flyktningar i Noreg skal aukast dei neste åra for å kompensere for dei som ikkje blei henta i 2020 på grunn av koronapandemien, sånn at vi totalt sett ikkje busett ferre flyktningar enn det som var planlagt før den nedjusterte anmodinga for 2020.»

**Jeanette Syversen, R**, sette fram slikt tilleggsforslag:

«Nytt punkt 4. Fylkeskommunen må kvalitet sikre at bosetting skjer som en del av en større plan for kompetansekartlegging slik at en sikrer gode fagmiljø, kvalifiseringstilbud og mentorordninger for denne gruppen og den enkeltes behov, i hele fylket.»

### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Tomren sitt forslag fekk 8 røyster ( MDG, A, SV, R og KrF) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Syversen sitt forslag fekk 1 røyst ( R ) og fall.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet tek orientering om arbeidet med busetting i Vestland til vitande.
2. Fylkesutvalet ønskjer å følgje arbeidet med busetting i kommunane, og ber om å bli orientert om situasjonen på nyåret 2021.
3. Fylkesutvalet vil på eit seinare tidspunkt vurdere innspel til dei nasjonale kriteria for busetting i kommunane. Dette skal vere basert på regionalt samarbeid og dialog med kommunane og god kunnskap om utviklinga i fylket.
4. Hovudutval for opplæring og kompetanse meiner at ein ikkje skal la koronapandemien sette stopper for busettinga av flyktningar dei neste åra. Vi meiner også at talet på busetting av flyktningar i Noreg skal aukast dei neste åra for å kompensere for dei som ikkje blei henta i 2020 på grunn av koronapandemien, sånn at vi totalt sett ikkje busett ferre flyktningar enn det som var planlagt før den nedjusterte anmodinga for 2020.»